




Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

NORHEIMSUND BARNESKULE



08.- 11. mars 2010
Vurderingstema:

Tilpassa oppl ring og spesialundervisning; korleis sikrar ein pr. i dag at elevane f r ei undervisning der ulike metodar, organisering og undervegsvurdering st r i forhold til m let om eit godt l ringsutbytte for den einkilde eleven?

Norheimsund barneskule,
Gamle Sandvenveg 27,
5600 NORHEIMSUND
Rektor: Lasse A. Skeie – lasse.skeie@kvam.kommune.no
TEL 56 55 31 69
www.kvam.no/norheimsund/barneskule



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Norheimsund barneskule ligg i Norheimsund sentrum, Gamle Sandvenveg 27. Rådhuset er næraste nabo på sørsida.

Skulen er fordelt på 2 bygg. I det eldste (1966) + påbygg (1997) held SFO, 1.-4.klasse og administrasjonen til. Bygget frå 1987 har rom for sløyd, tekstil/musikk og skulekjøkken samt klasserom for 5. – 7.kl. I skuletunet ligg og Norheimsund idrettshall.

Utearealet har fotballbane, basketballbane, kanonballfelt, 6-kantdisse og andre disser, vippedisser, rutsjebane, klatrevegg, akehaug og sandkasse. Norheimsund idrettsplass ligg 250 m frå skulen.

Det er 9 klassar med 191 elevar ved skulen (2009-2010). Skulen har 31 tilsette inkludert rektor og inspektør.

3 – Vurderingstema

Tilpassa opplæring og spesialundervisning; korleis sikrar ein pr. i dag at elevane får ei undervisning der ulike metodar, organisering og undervegsvurdering står i forhold til målet om eit godt læringsutbytte for den einskilde eleven?

Temaet var det personalet i fellesskap som bestemte. Dei kom fram til at dette var noko det måtte fokuserast endå sterkare på framover i høve det som står under "Prinsipp for opplæringa" i LK-06 (Læreplanverket for Kunnskapsløftet)

*"Tilpassa opplæring for kvar einskild elev er kjenneteikna ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar og læremiddel og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa. Elevane har ulike utgangspunkt, bruker ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon i forhold til nasjonalt fastsette kompetansemål. Føresegnene om spesialundervisning skal gjelde når det er nødvendig med meir omfattande tilpassing enn den som kan givast innanfor den ordinære opplæringa."
(Oppl.l. § 1-2 og kap. 5, og den generelle delen av læreplanverket)*

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Tema: Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Kriterium	Teikn på god kvalitet
A Skulen har rutinar/system for tilpassa opplæring og spesialundervisning	<ol style="list-style-type: none">1 Skulen har definert kva som ligg i omgrepet tilpassa opplæring.2 Det er lagt til rette for kunnskapsdeling/ metodedrøfting som vedkjem tilpassa opplæring og spesialundervisning.3 Timeplanen legg til rette for tilpassa opplæring og spesialundervisning4 Skulen har gode rutinar for praktiske læringsaktivitetar.5 Skulen prioriterer materiell som gjer tilpassa opplæring og spesialundervisning mogeleg.6 Skulen har godt innarbeidd system for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar, sett ut frå arbeidsavtalane sine grenser.7 Skulen har system for kartlegging og bruk av resultatata og arkivering av vurderingsdokument.8 Skulen har tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse.9 Skulen vurderer jamleg praksisen sin rundt tilpassa opplæring og spesialundervisning.
B Personalet arbeider målretta og systematisk med tilpassa opplæring og spesialundervisning for at kvar elev skal ha godt læringsutbytte	<ol style="list-style-type: none">1 Lærarane nyttar varierte arbeidsmåtar for å tilpassa opplæringa.2 Lærarane tek jamleg i bruk digitale verktøy i den tilpassa opplæringa3 Den tilpassa opplæringa føregår i hovudsak i klassefellesskapet.4 IO-planane er konkrete og brukt som grunnlag både for planlegging, undervisning og vurdering.5 Spesialundervisninga er organisert kring klassefellesskapet.
C Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	<ol style="list-style-type: none">1 Læringsmåla er kjende for eleven.2 Kvar elev får ut frå læringsmåla arbeidsoppgåver som ho/han kan meistre og strekkje seg etter.3 Elevane arbeider med individuelt tilpassa oppgåver på ulike måtar4 Eleven får undervegsvurdering, med både tilbakemelding og framovermelding i høve til kompetansemåla.5 Eigenvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen.



D Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring og spesialundervisning	1 Dei føresette er kjende med kva skulen legg i tilpassa opplæring og spesialundervisning. 2 Dei føresette kjenner læringsmåla som står på arbeidsplanen og veit kva som blir forventa av sitt barn. 3 Foreldra blir gjort kjende med grad av måloppnåing i høve kompetansemåla. 4 Dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen.
---	--

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar på alle trinn, dei føresette, FAU, pedagogisk personale og assistentar ved skulen.
- Eksterne: Kolbjørn Blikås og Anne Karin Flatlandsmo, frå vurderingsgruppa Hardanger/ Voss

Grunngeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle dei tilsette og elevane, i tillegg til dei føresette.

Det var rektor ved skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera involverte i vurderinga. Elevane vart tilfeldig utvalde på nummer ut frå alfabetisk klasseliste. Alle dei føresette, i tillegg til det pedagogiske personalet, fekk eit påstandsskjema dei skulle fylle ut i forkant av vurderingsveka.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Aktivitet	Ansvar
08.01.2010	Formøte Norheimsund barneskule Rektor Lassa A Skeie Vurderar Anne Karin Flatlandsmo Vurderar Kolbjørn Blikås Tema: Utdjuping omkring tema. Presiseringar. Prosedyre for laging av glansbilete Praktiske avtalar om vurderingsveka.	Vurderarar Rektor



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Veke 2 - 4	Utarbeiding av glansbilete. Vurderarane sender framlegg til skulen. Skulen drøftar og sender kommentarar tilbake. Endeleg glansbilete sendast skulen. Innhente informasjonsdokument frå skulen	Vurderarane Rektor Vurderarar/rektor
Veke 5 - 6	Utarbeide påstandsskjema til pedagogisk personale og foreldre/føresette . Informasjonsskriv til foreldre/føresette. Mal til invitasjon skuleeigar til framlegging av rapport	Sendast rektor. Sendast rektor Sendast rektor
Veke 7 - 8	Sende informasjon til heimane og invitasjon til skuleeigar Gjennomføring av påstandsskjema ped. personale og foreldre/føresette. Innsamla skjema sendast vurderarane. Bearbeiding av påstandsskjema	Rektor Vurderarane
Veke 10 Vurdering	Måndag 08.03 KI 08:25 - 08:35 Morgonmøte; presentasjon, kort møte med personalet. KI 09:00 - 09:45 Samtale med elevar 4. trinn KI 10:05 - 10:50 Samtale med elevar 3AB KI 11:35 - 12:20 Samtale med elevar 2. trinn KI 12:30 - 13:15 Samtale med elevar 1AB KI 13:45 - 15:00 Samtale med ped. pers. 5.- 7. trinn 19.00 - 20.00 Møte med FAU	Rektor/vurderarane Vurderarane Vurderarane
	Tysdag 09.03 KI 08:15 - 09:15 Møte m/rektor KI 09:20 - 10:50 Samtale med elevar 7. trinn KI 10:20 - 11:05 Samtale med elevar 6. trinn KI 11:30 - 12:15 Samtale med elevar 5.trinn KI 12:30 - 13:15 Samtale med assistentane KI 13:45 - 15:00 Samtale med ped. pers. 1.- 4. tinn	Vurderarane
	Onsdag 10.03 08.0 Møte m/rektor KI 08:35 - 13:40 Observasjon småskulen og storskulen. Vidare arbeid med rapporten	Vurderarane
	Tors 11.03 Ferdigstilling av rapport KI 13:45 - 15:00 Framlegging av rapport	Vurderarane
Veke 11	Offentleg rapport sendast til postmottak i kommunen for arkivering og til per.backer@voss.kommune.no for utlegging på regionen si heimeside.	Vurderarane
Veke 16	Frist for innsending av evaluering av vurderinga. Rektor fyller ut tilsendt skjema og sender til vurderarane	Rektor



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument: arbeidsplanar, timeplanar, ståstadsanalysen 09/10 og resultat av elevundersøkinga 2008- 2009. I tillegg fekk vi utdrag frå Rutinebok for spesialundervisning i skulane i Kvam og døme på ein anonymisert IO-plan, rettleiing og skjema for elevsamtalar og konferansetimar.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i LK-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandsskjema

Pedagogisk personale og føresette har svara på påstandsskjema med spørsmål tatt ut frå teikna i Glansbiletet. Resultatet er summert opp og lagt inn i excel-malar utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre, pedagogar og assistentar. Tema i desse samtalanene er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med FAU.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Kvar morgon starta me opp med møte med rektor.

Observasjon

Vi observerte i alle klassane, både tilpassa opplæring og spesialundervisning.



.....her trives eg som fisken i vatnet....

– Skulen sine sterke sider innan vurderings-området

A Skulen har rutinar/system for tilpassa opplæring og spesialundervisning

- Skulen har tilstrekkeleg spesial-pedagogisk kompetanse

Det er bra med spesialpedagogisk kompetanse på skulen, men behovet er aukande. Vi har personale med formell kompetanse og nokon som har erverva seg høg realkompetanse.

På skulen er det etablert eit spesialpedagogisk team der rektor, inspektør og tre lærarar ved skulen er representant i tillegg til ein representant frå PPT. Dette teamet har møte kvar månad der lærarar kan ta opp og drøfte elevsaker, også med elevnamn viss foreldre er underretta.

- Det er lagt til rette for kunnskapsdeling/metodedrøfting som vedkjem tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Skulen vurderer jamleg praksisen sin rundt tilpassa opplæring og spesialundervisning

Praksisen rundt elevar som treng ekstra tilrettelegging i form av spesialundervisning, er god på skulen. Det er arbeidd ut ei rutinehandbok (Rutinehandbok for spesialundervisning i skulane i Kvam) som skulen brukar og som sikrar ein naturleg og grundig prosedyre der alle partar er tekne med på råd for å leggje til rette for best mogeleg tilbod til eleven det gjeld.

Spørjeundersøkinga til føresette med barn som har IO-plan, viser at desse foreldra gjennomgåande er godt nøgde med tilbodet barnet får, og prosessen fram til tilbodet er på plass.

Lærarane seier at det skjer mykje samarbeid dei i mellom.



- Timeplanen legg til rette for tilpassa opplæring og spesialundervisning

Skulen har fleire elevar som har etter måten mange timar spesialundervisning. Det er eit krevjande arbeid å legge ein timeplan som både tek omsyn til elev, spesialpedagog, klassen og lærarane der. Sjølv om ikkje alle løysingar er optimale, er det mange som er gode.

- Skulen har gode rutinar for praktiske læringsaktivitetar

Det er lagt til rette slik at elevar med IO-plan skal ved behov ha høve til å leggje inn praktiske aktivitetar som arena for læring. Det gjeld friluftaktivitetar, det gjeld aktivitetar i basseng, arbeid på kjøkken eller med oppgåver i k&h. Å lage mat på kjøkkenet og sidan dele den med klassekameratar gjev flotte opplevingar og læring på mange felt.

Ein elev har eit pedagogisk opplegg ein dag på gard i nærområdet, der eigar også har pedagogisk utdanning. Dette er kome i stand ganske nyleg i samarbeid med skuleeigar.

På småskuletrinnet er det lagt opp til ulike praktiske aktivitetar som naturleg del av læringsarbeidet.

Elevane dreg svært ofte fram praktiske fag og aktivitetar når dei blir spurte om når dei er glade på skulen og kva dei likar.

- Skulen har godt innarbeidd system for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar, sett ut frå arbeidsavtalane sine grenser

Ståstadsanalysen viser at ein stor del av lærarane gjennomfører elevsamtalen, sjølv om her er betringspotensiale. Til dei organiserte elevsamtalane er det utarbeidd fleire skjema til hjelp for elev, foreldre og lærar. Elevane gjev klart uttrykk for at det er nyttig og gjævt med elevsamtalen. Faglege ting blir også teke opp i samtalane, og dei eldste elevane ser på dette som kjekt og nyttig. Dei kjenner seg tekne på alvor og lytta til, og elevsamtalen førebur dei til konferansetimen saman med foreldre og kontaktlærar.

- Skulen har system for kartlegging og bruk av resultata og arkivering av vurderingsdokument

Det blir brukt systematisk ulike kartleggingsverktøy ved skulen; Læringscenteret sin kartleggingstest i høve til lesedugleik på 2. trinn og Nasjonale prøvar i engelsk, lesing og rekning på 5. trinn. Carlsten sin lesetest og kartleggingsprøvar i matematikk blir brukt ved behov.

Resultata av kartlegginga gjev lærarar informasjon om kvar eleven er i vedkommande fag, og blir brukt i det vidare læringsarbeidet, særleg for dei som skårar lågt. Kontaktlærarane informerer foreldre om resultata av testane. Det er nettopp arbeidd ut ein kommunal testplan for skulane i Kvam.



B Personalet arbeider målretta og systematisk med tilpassa opplæring og spesialundervisning for at kvar elev skal ha godt læringsutbytte

- Den tilpassa opplæringa føregår i hovudsak i klassefellesskapet
- Spesialundervisninga er organisert kring klassefellesskapet

Når opplæring blir differensiert eller variert, skjer det i dei aller fleste tilfelle i klassefellesskapet. Det kan likevel vere noko avhengig av plass- og romtilhøve. Det gjeld også det meste av spesialundervisninga. For nokon elevar er spesialundervisninga utanfor klassen, men det er lagt vekt på at når det er mogeleg og naturleg, er klassen ramma for undervisninga.

- IO-planane er konkrete og brukt som grunnlag både for planlegging, undervisning og vurdering

I Rutinehandboka er det skjema for oppsett av IO-plan og rettleiingar for kva som skal vere med i den. Denne malen og dette hjelpemiddelet blir brukt. Foreldre melder gjennom spørjeundersøkinga at dei er nøgde med kor konkret planen er.

Lærarane som arbeider etter planane seier at dei er konkrete når det gjeld mål, lærestoff, læremiddel og organisering og at dei følgjer dette når dei lagar halvårsplan og i gjennomføringa av undervisninga. Den daglege tilpassinga av opplæringa er ikkje fastlagt i planen, men skjer i samsvar med det som står der. Det hender at det oppstår forhold som gjer at planane må justerast. For mindre tilhøve blir dette teke med i halvårsrapport og kanskje endra i neste utgåve av planen. Alt dette skjer i samråd med foreldre.

- Lærarane nyttar varierte arbeidsmåtar for å tilpassa opplæringa

Ved observasjon i klassane såg vi at det er mangfald i ulike arbeidsmåtar som blir brukt. I mange klassar såg vi også at det var variasjonar i same time og fag.

C Elevane kjenner meistring i skulekvardagen

- Læringsmåla er kjende for eleven

Alle klassane brukar arbeidsplan/lekseplan i arbeidet sitt. Den inneheld læringsmål for teorifaga, lekser og informasjon til elev og heim. Nokon har temaoverskrifter for faga også, nokon også for praktiske fag. Læringsmåla blir også gjort kjent for elevane ved at dei kan bli snakka om når planen blir delt ut, eller dei blir skrivne opp på tavla for kvar dag. Særleg elevar i ein klasse seier at læringsmåla er nyttige og gjer læringsarbeidet kjekkare. I nokon klassar føl ein opp læringsmåla med testar av ulikt slag ved slutten av planperioden. Det ser ut til å forsterke det som elevane opplever; dei syns det er spennande og det er kjekt å oppnå gode resultat på dette.



Lærarane fortel at dei er påpasselige slik at det er stor sjanse for å lukkast på slike testar. FAU sa og at dei sette pris på at ungene blir prøvd på denne måten.

- Kvar elev får ut frå læringsmåla arbeidsoppgåver som ho/han kan meistre og strekkje seg etter.

Lærarane svarar (94%) at elevane i nokon eller stor grad får oppgåver som dei kan meistre og strekkje seg etter. Foreldra svarar om lag det same på dei to spørsmåla som gjeld dette. Elevane fortel om at oppgåver kan vere vanskelege, men at dei får hjelp på skulen. Når dei fortel om leksearbeidet sitt, seier dei fleste (dei eldste mest) at dei arbeider sjølvstendig med leksene og at dei kan få hjelp om dei spør.

- Elevane arbeider med individuelt tilpassa oppgåver på ulike måtar

Lærarane strekar under at dette er viktig, ikkje så lett å få til, men at det blir lagt opp til at elevar i delar av timane skal kunne velje ut frå sitt nivå.

Elevane fortel at dei etter å ha gjort ferdig fellesdel, kan velje eller får tilpassa oppgåver. Det kan vere individuelt eller i par. Dette såg vi eit døme på då vi gjekk rundt og observerte.

- Eleven får undervegsvurdering, med både tilbakemelding og framovermelding i høve til kompetansemåla

Lærarane har jamleg små samtalar med elevane i løpet av skuledagen. Mykje av dette er dialog om tema knytt til læring. Elevane seier at noko av det som er aller kjekkast, er når dei har gjort noko som dei får skryt for.

D Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring og spesialundervisning

- Dei føresette kjenner læringsmåla som står på arbeidsplanen og veit kva som blir forventa av sitt barn.

Foreldra svarar i spørjeundersøkinga (94,7 %) at dei stor grad eller i nokon grad kjenner læringsmåla. FAU uttrykkjer at dei er glade for at lekseplanane har læringsmål, og dei likar godt praksisen med prøve/quiz ved avslutta planperiode. Det gjer innsatsen med å hjelpe og støtte elevane heime, mykje lettare.

- Dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen

Alle foreldre/føresette får skriftleg innkalling til konferansetimen to gonger for året. Skulen har skjema til bruk i førebuinga til konferansen. 93% av foreldra svarar at dei i nokon eller stor grad syns foreldrekonferansane er nyttige og at dei er budde til dei. Elevane fortel at dei er budde til konferansen gjennom elevsamtalen og ved at dei brukar skjema som dei får med heim frå skulen.



DEN PEDAGOGISKE VERKTØYKASSA.....



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

A Skulen har rutinar/system for tilpassa opplæring og spesialundervisning

- Skulen har definert kva som ligg i omgrepet tilpassa opplæring.
- Skulen vurderer jamleg praksisen sin rundt tilpassa opplæring og spesialundervisning

Under intervju med personalet på mellomsteget kom det fram at det er altfor sjeldan diskusjonar rundt dette med tilpassa opplæring. Personalgruppa er blitt utvida med ein del nye personar dei siste åra, både pedagogar og andre tilsette. Det vert uttrykt ynskje om at leiinga set av meir tid bunden på skulen til planlagde drøftingar knytt til pedagogisk praksis, både i team og i samla gruppe.

- Det er lagt til rette for kunnskapsdeling/ metodedrøfting som vedkjem tilpassa opplæring og spesialundervisning.



Personalet seier det slik: "Det er sett av lite tid til deling av gode opplegg. Ei og anna felles samling om tysdagar, altfor sjeldan. Kultur for deling manglar." Dette er noko dei ynskjer å endre, men dei seier det må drøftast i kollegiet.

Assistentane er heller ikkje nøgde med at dei ikkje har samarbeidstid lagt inn i sin stilling. Dette har dei etterlyst mange gonger, seier dei. Dei er mykje i lag med elevane som treng litt ekstra, og dei har ikkje noko ansvar for å leggje til rette for undervisning av desse. Det seier seg sjølv at samarbeid med kontakt- eller faglærer kring pedagogiske opplegg er nødvendig og til eleven sitt beste. "Ein kan ikkje vente at dette er noko eg skal bruke fritida mi til," vart det sagt.

- Timeplanen legg til rette for tilpassa opplæring og spesialundervisning

På dette punktet viser personalet stor forståing for at det er vanskeleg å leggje ein timeplan som tek tilstrekkeleg omsyn til elevane sine behov for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Ofte må leiinga inngå kompromiss med dei tilsette i høve til deira ynskje for jobben dei skal utføre. Det er sær s viktig at elevar som skal ha spesialoppfølging får få og stabile vaksne å forhalde seg til, seier lærarane. Dette kom og tydeleg fram under samtalen vi hadde med assistentane på skulen. "Ein er nøydd å tenkje heilskapleg rundt desse elevane," vart det og sagt.

- Skulen har gode rutinar for praktiske læringsaktivitetar

Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er eit grunnleggjande element i fellesskolen. Opplæringa skal leggjast til rette slik at elevane skal kunne gi noko til fellesskapet og også kunne oppleve glede ved å meistre og å nå måla sine. Jfr "Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet"

I dette ligg kimen til mange kreative løysingar. Ved å la elevane ta i bruk praktiske læringsaktivitetar der klassen i mindre og fleksible grupper kan drive ein slags "omvendt integrering", vil alle ha sjansen til å kjenne på meistring og at dei yter noko til fellesskapet. Dette vert det gjort forsøk på i ulike grupper utan at det er kome i system enno.

- Skulen prioriterer materiell som gjer tilpassa opplæring og spesialundervisning moglege

Her er personalet samde om at skulen har eit arbeid å gjere, både når det gjeld investering i nytt materiell og system for å ta vare på det som allereie finst av konkretiseringsmateriell av ulik art. Ein del fins bortgøymd i skuffer og skap, lite tilgjengeleg for t.d. dei som er nye i personalgruppa. Det er nødvendig å oppgradere utstyret i matematikk, vert det sagt. Nivådelte bøker fins, men utvalet i bøker bør bli betre. Det vert jobba med å få til ein utstyrsbase i forhold til konkretiseringsmateriell, men dette arbeidet er ikkje ferdig ennå. Dessutan: "Speglar og gode linjar hadde vi, men vi er heller ikkje flinke nok til å leggje saker på plass når vi har brukt det."

- Skulen har godt innarbeidd system for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar, sett ut frå arbeidsavtalane sine grenser

Dokumentanalysen vi har fått tilsendt viser at skulen har utarbeidd skjema til gjennomføring av elevsamtalen. Det er fleire ulike skjema, men dei blir nok ulikt



brukt av lærarane. Dei seier at elevsamtalar er tidkrevjande, at det ikkje er alle som får tida til å strekkje til slik at dei kan gjennomførast i forkant av foreldrekonferansen. Men dei seier samstundes at desse samtalanene er viktige for å få til gode relasjonar mellom elevar og lærarar.

Dei fleste elevane snakkar varmt om denne samtalen, og syns det er bra å få snakke med læraren åleine viss det er noko han/ho lurer på. Dei likar og godt å få ros av læraren, det gjer dei glade, seier dei. Men ikkje alle likar ros, og i alle fall ikkje ris, når andre høyrer på. Lærarane seier dei saknar koselege rom til slike samtalar.

Munnlege underevegssamtalar finn ein i klasserommet kvar dag. Det er i det daglege arbeidet ein som lærar har størst moglegheit til å motivere ved å gi positiv og konstruktiv tilbakemelding på arbeid eleven gjer/ har gjort. Like viktig er det å vere konstruktiv når ein gir framovermeldingar til elevane. Då gir ein heilt konkret råd og rettleiing til eleven i forhold til kva han må gjere og korleis han evt. kan jobbe for å auke kompetansen sin i faget. Dette såg vi lite til i elevane sin bøker, og elevane fortalte og at dei sakna slik respons frå læraren. Kommentaranene på skriftleg arbeid er vanlegvis "bra, flott, veldig fint" ..eller kanskje "du kan gjere det betre".

- Skulen har system for kartlegging og bruk av resultat og arkivering av vurderingsdokument

Samtalanene med personalet på skulen fortalde oss at på dette punktet er det ikkje gode nok rutinar. Dette viser også ståtadsanalysen klart. På småskulesteget var dei relativt godt nøgde med testsystemet, dei har faste testar for elevane på dei ulike trinna.

Dei nasjonale prøvane er greie, dei blir alltid gjennomførte og bearbeida i etterkant. Gjennom samtalen kjem det fram at det fins ein testplan i kommunen som skal gjelde for alle skulane, men denne er ikkje kjend i heile personalgruppa.

Arkiveringssystemet bør skulen og oppgradere, då det er ulik praksis blant lærarane korleis ein handterer og oppbevarer slike viktige dokument.

- Skulen har tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse

For mange lærarar underviser elevar med IO-plan utan at dei føler seg kompetente til dette. Dei seier at det opplevast som om ein får fylt opp posten sin med spesialundervisning.

B Personalet arbeider målretta og systematisk med tilpassa opplæring og spesialundervisning for at kvar elev skal ha godt læringsutbytte

- Lærarane nyttar varierte arbeidsmåtar for å tilpassa opplæringa
- Den tilpassa opplæringa føregår i hovudsak i klassefellesskapet

Vår observasjon i klassane viste mykje god undervisning der dei fleste elevane var inkluderte i klassefellesskapet, gjerne med ein ekstra lærar/ assistent til stades som



hjelpar. Gjennom samtalar med assistentane kom det fram at dette ofte er tilfellet, men det er og ofte at einskildelevar må vere ute på eineundervisning. Den tilpassa opplæringa som gjeld alle elevane og som går føre seg i klasserommet kvar dag er ei utfordring, meiner personalgruppa. Dei syns ikkje dei har tid nok til verkeleg å få til dette i stor nok grad. "Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet" seier det slik:

Tilpassa opplæring for kvar einskild elev er kjenneteikna ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar og læremiddel og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa." (jfr Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet)

Det er i stor grad organisering av undervisninga ein her snakkar om. Rektor og lærarane seier sjølv at dette er ei stor utfordring, det er tidkrevjande. Kvar pedagog må vurdere sin eigen pedagogiske praksis og sjå den i lys av behovet kva ein skild elev har for å bli sett og for å lukkast i skulekvardagen. Ståstadsanalysen viser at for elevar med svak fagleg progresjon kjem ein seint i gang med tiltak. 89,9% av lærarane svarer at arbeidet på dette feltet ikkje er godt nok.

Då vi observerte undervisninga i klasseromma, såg vi mykje god og variert undervisning.

- Lærarane tek jamleg i bruk digitale verktøy i den tilpassa opplæringa

Observasjonsrunden rundt i alle klasseromma viste at PC-ar fins på dei fleste rom. Problemet på skulen er at den digitale maskinparken har fått lov å bli så forelda at det tar lang tid å få dette retta opp. No tar det lang tid å kople seg til nettet om ein har tenkt å gjere nettbaserte oppgåver eller trene elevane i ulike dugleikar ved hjelp av ulike dataspel. Ein veit at arbeid på data kan vere til stor hjelp når ein skal differensiere i vanskegrad til dei ulike elevane. Det kan og opplevast som lystbetont å jobbe med fag på PC-en. Den store mangelen på IKT- hjelpemiddel får store konsekvensar for gjennomføringa av LK-06, i høve til utvikling av elevane sin digitale kompetanse.

C Elevane kjenner meistring i skulekvardagen

- Læringsmåla er kjende for eleven

Alle klassane på skulen har lekseplanar. Desse planane skal vere utforma slik at både elevar, foreldre og lærarar har nytte av dei i det daglege arbeidet. Elevane skal kunne førebu seg på kva dei skal jobbe med og kva dei skal lære i ein periode. Derfor slår "Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet" fast at :

Opplæringa skal oppmuntre elevane ved blant anna å gjere klart kva læringsmåla er, og leggje til rette for varierte og målretta aktivitetar. Elevane skal få, men også sjølv kunne velje oppgåver, som både utfordrar og gir høve til utforsking, åleine eller saman med andre. Vurdering og rettleiing skal vere med på å styrkje motivasjonen for vidare læring.



Dette seier noko om at ein arbeids- eller vekeplan må gi elevane oppgåver der dei kan velje vanskegrad eller få oppgåver av ulik karakter. Dette for å tilfredsstille kravet om tilpassing til den enkelte sitt nivå.

Læringsmåla skal vere konkrete og målbare, kvar elev skal kunne vite i kor stor grad han har greidd å lære seg det planen seier.

Vi ser at ingen av klassane opererer med like planar. Dette var og FAU – representantane opptekne av. Eit ynskje frå dei er ein felles mal for vekeplanane.

Læringsmåla er diffuse på enkelte av lekseplanane, og elevane seier at dei ikkje i stor grad brukar læringsmåla. Det er berre ein klasse som gir tydeleg uttrykk for at planen er blitt betre etter at dei konkrete læringsmåla kom opp og blir brukte.

I personalgruppa blei det sagt at det ikkje er jobba i fellesskap med konkretisering an læringsmål. Det kan nok vere nyttig, då vår konklusjon er at det kan sjå ut som om lærarane blandar tema og læringsmål. Dette er to heilt ulike omgrep med ulikt innhald.

FAU sa og at det er bra at det er læringsmål på vekeplanen. Det hjelper dei når dei skal rettleie ungane i læringsprosessen heime.

- **Eigenvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen**

Ståstadsanalysen viser at her meiner personalet at det er stort forbedringspotensiale. I samtalanene med elevar oppdaga vi fort at elevane i liten grad forstod kva omgrepet eigenvurdering betydde. Dei blei sjeldan spurt av lærarane kva dei syns om sitt eige arbeid, men nokon klassar snakka om at dei hadde ei loggbok der dei av og til blei bedne om å seie noko om dette. Nokon sa at dei blei spurt om dette på elevsamtalen. Vurderingsforskrifta pr 01.08.2009 slå fast:

§ 4-8. Eigenvurdering

Eigenvurderinga til deltakaren er ein del av undervegsvurderinga. Deltakaren skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. opplæringslova § 4A-6, § 2-3 og § 3-4.

D Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring og spesialundervisning

- **Dei føresette er kjende med kva skulen legg i tilpassa opplæring og spesialundervisning**

Det kom fram under samtalen med FAU- medlemmene at skulen ikkje har tatt opp tilpassa opplæring som tema på møte som har vore. Av den grunn er foreldra generelt usikre i høve til kva skulen legg i omgrepa, særleg tilpassa undervisning. Spesialundervisning er meir kjent, i alle for dei dette vedkjem. Dei snakka om at elevar som treng tilpassing "oppover" ikkje så ofte får det.



Lærarane seier det er mest problematisk med dei flinke elevane, då dei treng samtale og tilrettelegging noko det ikkje er mykje tid til. Desse elevane er ofte sjølvstendige, men dei treng konstruktive framovermeldingar som gjer at dei blir motiverte til vidare arbeid.

- Dei føresette kjenner læringsmåla som står på arbeidsplanen og veit kva som blir forventa av sitt barn
- Foreldra blir gjort kjende med grad av måloppnåing i høve kompetansemåla

Dei seier dei kjenner læringsmåla, noko som tyder på at dei les vekeplanen i lag med ungane sine. Auka bruk av presise og konkrete læringsmål vil vere til stor hjelp for foreldra. Dei fleste elevane får hjelp med lekser heime eller på SFO om dei ynskjer det, og dei fleste har foreldre som kontrollerer at leksene er gjort som forventa.

Grad av måloppnåing i høve kompetansemåla veit foreldra lite om. Dette er ein del av vurderingsarbeidet skulen jobbar med.

Det har vore ei flott oppleving å kome til Norheimsund barneskule på vurderingsoppdrag. Vi har møtt eit engasjert kollegium der alle profesjonsgruppene brenn for å lage best mogeleg tilbod til elevane på skulen. Vi har møtt foreldrerepresentantar i FAU som også er engasjerte i verva dei har, og vi har snakka med mange elevar som viser at dei trivs på skulen sin.

Norheimsund barneskule er ein skule som er i endring, som tar elevane og dei føresette på alvor. Det er viktig at alle involverte partar veit kva tilpassa opplæring i praksis betyr og kan jobba systematisk vidare mot nye mål.

10 – Vidare arbeid

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Norheimsund, 11.03.2010

Kolbjørn Blikås

Anne Karin Flatlandsmo



Vedlegg 1

SAMTALEGUIDE ELEVAR

Kva er bra med Norheimsund skule?

<p>Elevane kjenner meistring i skulekvardagen</p>	<p>Fortel om arbeidsplanen dykkar.</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis får de vite kva dei vaksne ventar av dykk?• Fortel om ulike måtar de arbeider på på skulen?• Fortel om kva de brukar datamaskin til på skulen.• Kva skjer når de får ei oppgåve de ikkje får til med ein gong?• Korleis får de vite at de har gjort noko som er bra?• Kva seier læraren da?• Kva seier læraren når det er noko som de må bli flinkare til?• Kva er det som skjer i elevsamtalen?• Fortel om konferansetimen der foreldra er med.• Når er de fornøgde og glade når de arbeider på skulen?• Når blir de trøytte og leie på skulen?• Korleis arbeider de med leksene heime?• Korleis gjer de når de skal vurdere dykkar eige arbeid?• Korleis er ein lærar når ho/han er flink? Fortel korleis ein flink lærar er.•
---	---



Vedlegg 2

2 – Dette sa foreldra (FAU)

Tema:

Tilpassa opplæring og spesialundervisning; korleis sikrar ein pr. i dag at elevane får ei undervisning der ulike metodar, organisering og undervegsvurdering står i forhold til målet om eit godt læringsutbytte for den einskilde eleven

Set opp punkt som de meiner Norheimsund barneskule er flink til	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som de føresette er flinke til	
Set opp punkt som de føresette kan bli flinkare til	
Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring og spesialundervisning	Korleis får de greie på kva borna dykkar skal kunne/skal ha lært når lekseplanen er ferdig? •
	Kva veit de om dei ulike arbeidsmåtane borna brukar på skulen? •
	Kva veit de om dei ulike arbeidsmåtane borna brukar på skulen? •
	Kva slag tilbakemelding får borna på arbeid dei har gjort? •
	Kva slag meldingar får borna som hjelper dei til å lære endå meir? •



Vedlegg 3

SAMTALEGUIDE PEDAGOGISK PERSONALE

Tema: Tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Presisering: Korleis sikrar ein pr. i dag at elevane får ei undervisning der ulike metodar, organisering og undervegsvurdering står i forhold til målet om (gjev) eit godt læringsutbytte for den einskilde eleven?

<p>A: Skulen har rutinar/system for tilpassa undervisning og spesialundervisning</p>	<p>Kva tenkjer de er viktige krav til tilpassa opplæring?</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis er den spesialpedagogiske kompetansen på skulen?• Korleis er tilgangen på materiell som gjer tilpassa opplæring og spesialundervisning mogeleg?• Korleis brukar de praktiske læringsaktivitetar i læringsarbeidet?• Korleis ivaretek timeplanen behovet for tilpassa opplæring og spesialundervisning?
<p>B Personalet arbeider målretta og systematisk med tilpassa undervisning og spesialundervisning for at kvar elev skal ha godt læringsutbytte</p>	<p>Korleis brukar de digitale verktøy for å få til tilpassa opplæring og spesialundervisning?</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva kartlegg de, og korleis brukar de kartleggingsresultata?• Korleis brukar de elevsamtalane for å få til tilpassa opplæring?• Kva type tilbakemelding får elevane på arbeid dei har gjort?• Korleis gjev de framovermelding til elevane?• Korleis organiserer de for å få til tilpassa opplæringa?• Korleis brukar de IO-planane i arbeidet med elevane?



C Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	Korleis gjer de læringsmåla kjende for eleven? <ul style="list-style-type: none">• Korleis får kvar elev arbeidsoppgåver ho/han meistra og som ho/han kan strekkje seg etter?• Korleis nyttar de eigenvurdering?•
D Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring og spesialundervisning	Korleis gjer de læringsmåla kjende for foreldra? <ul style="list-style-type: none">• Korleis blir foreldra gjort kjent med kva skulen legg i tilpassa opplæring og spesiaundervisning?• Korleis får foreldra vite kva som blir venta av barna deira?• Korleis gjennomfører de foreldrekonferansen?•

Vedlegg 4

SAMTALEGUIDE ASSISTENTAR

Personalet arbeider målretta og systematisk med tilpassa opplæring og spesialundervisning for at kvar elev skal ha godt læringsutbytte	Korleis samarbeider de om den enkelte eleven? (lærer, assistent, heim) <ul style="list-style-type: none">•
	Korleis vert eleven oppmuntra og får tru på egne evner? <ul style="list-style-type: none">•
	Korleis brukar du eleven sine læringsmål i arbeidet ditt? <ul style="list-style-type: none">•
	Korleis tek du del i den tilpassa opplæringa på skulen? <ul style="list-style-type: none">•
	Korleis blir du trekt inn i skulen si spesial – undervisning? <ul style="list-style-type: none">•
	Ser du noko som kan gjerast annleis for at eleven skal få eit større fagleg og sosialt læringsutbytte? <ul style="list-style-type: none">•



Vedlegg 5

Dette observerte vi:

OBSERVASJONSSKJEMA KLASSE:

Dette observerte me:	+	-	Kommentar
Vekeplanen			
- læringmåla fins			
- tema på planen			
- differensieringsmoglegheiter			
Klasserommet			
- varierte metodar i undervisninga			
- læremiddel			
- tilgjengelege datamaskinar			
- spel			
- bøker			
- anna konkr. materiell			
Eleven			
- sjå arbeidsbøker/ lærebøker			
Teikn til differensiering?			
- tilbakemelding i bøkene			
Smilefjes			
Type bra/ flott/ supert			
Konkret på utført arbeid			
Framovermelding			
Læringsmiljø			
- respekt			
- tryggleik			
- orden			
- ro			
- varme/ omsorg			
læringstrykk			



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa